



## TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Kommunal og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

UGGDAL, 24.03.2017

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/184-64	2101/17	504	TK//STDAL	

### OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR VÅGE SENTRUM - TYSNES KOMMUNE - HORDALAND

Me viser til oversending av plan med motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland, oversendinga var dagsett 22. mars d.å.

I oversendinga kan me ein viss forundring lesa at Fylkesmannen i Hordaland sår tvil om kor vidt det aktuelle planvedtaket er gjort av kommunestyre, dette trass i ein rekkje kontaktar både i forkant og i etterkant av kommunestyre sitt vedtak. I sitt tilsvaret viser Fylkesmannen til at han har funne at formannskapet i Tysnes kommune har vedteke planen 18. oktober 2016, dette har han funne fram til ved å gå gjennom saker på kommunen sin nettstad. I formannskapet sin protokoll av 18. oktober går det fram at formannskapet har gjort *Framlegg til vedtak*. I vårt skriv har me vist til kommunestyre sitt vedtak av 8. november 2016, for ordens skuld følgjer protokoll vedlagt for at det ikkje skal vera grunn for vidare mistydingar i denne saka.

Me meiner at Fylkesmannen sitt skriv av 22. mars d.å. ber preg av at sakshandsamar ikkje har særleg kjennskap til sjølve planen, eller til den dialogen som har vore mellom Fylkesmannen og Tysnes kommune undervegs i prosessen. Ein del av temaa som kjem opp i siste skriv gjer at me i noko mon stiller oss spørjande til kva Fylkesmannen faktisk har fremja motsegn kring i denne saka. Før me går nærare inn på det vil me berre kort kommentera to av dei gjennomgåande ankepunktene Fylkesmannen har i sitt siste skriv:

a) Tilhøvet til planprogrammet:

Eit gjennomgåande underlag i planarbeidet har vore Stadanalysen av 2008, men planen er sjølv sagt kome til gjennom ein open og involverande prosess der også andre omsyn også er ivareteke.

Tysnes kommune har nytta *stadanalysen av 2008* som eit viktig underlag til planen og elles fylgt opp føresetnadene i planprogrammet. Me vil også gjera merksam på at Fylkesmannen i sitt tilsvaret til planprogrammet gav uttrykk for at dei ikkje hadde hatt tid til å vurdere framlegget, men at dei var innstilt på vidare

b) Nedbygginga av strandsona

Fylkesmannen skriv at planen inneber ei fullstendig nedbygging av strandsona i Våge Sentrum. Tysnes kommune er fundamentalt usamd i denne påstanden og vil tvert om hevda at planen bidreg til å opne opp ei strandsone som i dag er stengt for ålmenta. Dette skjer m.a. gjennom utbygging av torg, turveggar og friluftsområde.

Gjennom møte med Fylkesmannen har me oppfatta at påstanden om fullstendig nedbygging knyt seg til at byggjegrensa for BFS7, når me no les skrivet frå Fylkesmannen ser me behov for at det vert gjort ei rydding opp mot kva det faktisk er fremja motsegn mot.

Kommunen si oppfølging etter dialogmøte 31. oktober 2014

I Fylkesmannen sitt skriv kjem det også fram at fylkesmannen ikkje har fått høve til å gå gjennom den reviderte planen før vedtak. Det er litt vanskeleg å forholde seg til dette all den tid fylkesmannen sjølv viser til oversending av revidert planframlegg av 14. mars 2016. Dette er planframlegg som er revidert stort sett etter dei innspela som vart gjeve i dialogmøte med fylkesmannen 31. oktober 2014. Dei tilhøva som vart svara opp etter dialogmøte gjennom det reviderte planframlegget var:

1) Manglar ved konsekvensvurderinga.

Her peika fylkesmannen i sitt dialogmøte på at konsekvensvurderinga var mangelfull, i særskilt grad var det krav om konsekvensvurdering i samband med ulike utfyllingar i sjø.

Tysnes kommune engasjert Rådgjevande biologar til å gjera ei tilleggsvurdering og det er lagt fram ein eigen rapport i samband med naturmangfald i sjø. Andre deler at konsekvensvurderinga vart arbeidd vidare med og ved revidert planframlegg vart det også lagt fram ei justert konsekvensutgreiing.

Me tolkar det slik at det ikkje p.t. er usemje om at konsekvensvurderinga er tilfredsstillande.

2) Bustadområde-naust i strandsona

Fylkesmannen peika i dialogmøte på at naustområde på Vågsmarka var vanskeleg, dette var kommunen delvis samd i og har såleis gjort om dei naustområda som var planlagt i første planframlegg. Kommunen har også stilt krav om vidare detaljregulering for utbygging av småhusbyggnad #1, jamfør føresegn 9.2.

For naust i sentrum meiner kommunen framleis at det skal vera høve til å installera toalett då det nausta ligg i sentrumsområde og me vil unngå uturvande sjenansar. Me viser også til rettspraksis på dette området. Utslepp skal handsamast etter forureiningslova og det er ein føresetnad at det vert gjeve utsleppsløyve i det einskilde høve.

3) Landskaps og terrengtilpassing

I møte med fylkesmannen av i 2014 var det særskilt vegskjering i samband med etablering av ein parallell veg (oSV4) frå ferjekaien som vart problematisert, dette er i det reviderte planframlegget løyst ved at vegen ikkje lenger er planlagt ført fram i området. Når fylkesmannen i sitt møte tok opp dette med rekkjefølgjekrav så var det knytt til område BKB5 der den planlagde vegen ville skapa ei stor og synleg skjering om det ikkje vart stilt krav om rekkjefølgje.

Det er også lagt inn rekkjefølgjekrav for opparbeiding av gangveg sjå føresegn 9.2, det er også krav om teknisk plan for BFS 1.

I samsvar med fylkesmannen sine føringar er det også gjort tomteinndelingar knytt til nye byggjeareal BFS 6 og BFS 7.

4) Arealoppgåve ifht. dyrka mark

Arealoppgåve over tapet av dyrka mark er bygd inn i det reviderte planframlegget.

Fylkesmannen si motsegn

I sitt skriv av 29. april 2016 viser fylkesmannen til at motsegna av 10. november 2014 vert oppretthalde, me meiner dette er forvirrande då det aldri vart fremja motsegn 10. november 2014. Me kan ikkje sjå at fylkesmannen sitt skriv av 10. november 2014 er å forstå som ei motsegn til plan etter plan- og bygningslova § 5-4, i tillegg vart dei aller fleste av ankepunkta til fylkesmannen korrigert gjennom nytt planframlegg. Det er såleis litt pussig å oppretthalda ei motsegn som er knytt til eit planframlegg som er fundamentalt endra frå november 2014 til april 2016.

Motsegna er såleis å finna i fylkesmannen sitt skriv av 29. april 2016. Me tolkar det då slik at motsegna er knytt til følgjande tilhøve:

- 1) Byggjelinje i sjø for BFS2, BFS7 og BFS12
- 2) Strid mellom føresegn i kommuneplanen sin arealdel nr. 3.7 og med planen si føresegn § 2.8.2.
- 3) Naust kan oppførast i BFS 7, men må då vera som fellesnaust i område og ope for ålmenta.

I sitt oversendingsskriv til departementet av 22. mars 2017 er motsegna sagt å gjelde «manglande ivaretaking av strandsona i byggeområda med særskilt fokus på heil nedbygging av byggeområda på Vågsneset og manglande tilrettelegging av gangsti langs sjøen/stranda. Det gjeld både at det er satt byggegrensa i sjølina samt at det ikkje er sett føresegner som gir tilstrekkeleg styring med utbygginga. Fylkesmannen har etterlyst tilstrekkelege utgreiinga og vurderingar av verknaden for strandsona av planen. Det er også motsegn til naust.»

I ljøs av dei ulike skriva frå fylkesmannen kan ikkje Tysnes kommune lenger sjå kva konkrete motsegner Fylkesmannen har til planen. Me ber om at det vert vurdert om Fylkesmannen i denne saka faktisk har fremja motsegn i samsvar med føresetnadene i plan og bygningslova § 5-4. I den grad Fylkesmannen sine ulike syn er å rekna som motsegn så vil me gjerne ha klargjort kva punkt i planen motsegna tek opp.

Me seier oss lei for at me ikkje klarer å gje ei meir ryddig framstilling av saka og imøteser departementet si vidare handsaming!

Med helsing  
Tysnes kommune

---

Steinar Dalland  
rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune Pb 7900 5020 BERGEN

Vedlegg: Protokoll frå kommunestyre sitt vedtak 8. november med samla saksframstilling